



# Vedtekter for kommunale barnehagar

## Kinn Kommune





### §1 Føremål

Kinn kommune eig og driv dei kommunale barnehagane i kommunen. Barnehagane vert drivne i samsvar med «Lov av 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar m.v.» og dei av Barne og familiedepartementet og Kunnskapsdepartementet til ei kvar tid fastsette forskrifter, føresegner og retningslinjer, kommunale vedtak og plan for den einsskilte barnehagen.

### §2 Eigarforhold og medverknad

Det kommunale utval eller styre som kommunestyret til ei kvar tid har gjort vedtak om, har ansvar for forvaltning og tilsyn med dei kommunale barnehagane, og tilsyn med andre barnehagar i kommunen.

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval, og ein representant i barnehagen sitt samarbeidsutval (SU) frå barnehageeigar skal vere valt politisk. I tillegg skal det vere to representantar frå foreldrerådet og to representantar frå dei tilsette.

Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

Tenesteleiar har ansvar for at samarbeidsutvalet blir konstituert.

Barnehagar og skular som er samorganisert kan ha felles samarbeidsutval. Samarbeidsutvalet skal settast saman i samsvar med § 4 i barnehagelova tredje ledd, men slik at føresette og tilsette frå både barnehage og skule skal vere representert, jf. Opplæringslova § 10-4 første ledd.

### §3 Opningstider og ferie

Opningstider vert fastsett av kommunestyret i samråd med SU i den einsskilte barnehage. Opningstida kvar dag har ei ytre ramme frå kl. 06.45-16.30.

Barnehagane er stengt for barna desse dagane:

- a. Offentlege helge- og høgtidsdagar
- b. 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret, fastsett av barnehageeigar
- c. 24. desember
- d. 31. desember

Barnehagen har redusert opningstid

- e. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl 1200

Etter ei vurdering frå tenesteleiar i samarbeid med samarbeidsutvalet kan barnehagen ha stengt i romjula og/eller måndag, tysdag og onsdag i påskeveka, dersom tal påmeldte barn er lågt. Det kan også bli redusert opningstid.

Barn i barnehagen skal som hovudregel ha tre veker samanhengande ferie kvart år innanfor ramma til skulen sin sommarferie – om lag 20. juni til 18. august.

Foreldre skal melde frå til tenesteleiar om barnet sin ferie innan gitt frist kvart år.



#### §4 Barnehageplass

Kinn kommune tilbyr følgende type plass i kommunale barnehagar:

- 100 % plass

Tilrettelegging og organisering av barnegruppene vert bestemt i kvar barnehage, ut frå omsynet til einskildebarnet og det heilskaplege tilbodet for barnegruppa.

#### §5 Søknad om barnehageplass

Søknad om barnehageplass skal gjerast elektronisk i Kinn kommune sitt søknadsenter.

[Min side](#) | [Velkommen til Foresattportalen](#) | [Portal for opptak i barnehage og/eller SFO](#)

Samordna opptak til nytt barnehageår vert offentleg kunngjort med søknadsfrist 1. mars same året. Nytt barnehageår startar likt med nytt skuleår kvart år.

Søkjarar som har barnehageplass i kommunen som ønsker å byte til annan kommunal eller privat barnehage, må søke på nytt ved barnehageopptaket og blir vurdert som nye søkarar.

#### §6 Opptakskriterium

Følgjande kriterier gjeld som grunnlag for prioritering ved opptak i kommunale barnehagar:

- §6.1 Barn som har rett til prioritet ved opptak i samsvar med Lov om barnehagar § 18, prioritert etter alder.
- § 6.2 Barn som har rett til barnehageplass i samsvar med Lov om barnehagar § 16, prioritert etter alder.
- §6.3 Barn som ikkje fyller nokon av kriteria over, prioritert etter alder.

Dokumentasjon:

For opptak etter kriteriet 6.1 skal det føreligge skrifleg vurdering frå sakkunnig instans eller vedtak etter barnevernslova §5-1 første ledd bokstav a til d, §3-1 og §3-4 første ledd bokstav b, for å dokumentere rett til prioritet ved opptak i barnehage.

Elles gjeld:

*Barnefamiljar som er avhengig av båt for å komme seg til barnehage, samt barnefamiljar i distrikt utan eksisterande barnehagetilbod vil ha prioritet til val av barnehage innafor opptaksområdet for barnehage som dei høyrer til.*

Ved samordna inntak skal det leggjast til rette for at søsken så langt som råd, får plass i same barnehage.

#### §7 Opptaksområde

Kinn kommune har slike opptaksområde for barnehage:



- Vågsøya og kringliggjande øyar
- Deknepollen - Almenning
- Strekinga Brandsøy – Florelandet og kringliggjande øyar, og Nordalsfjorden
- Eikefjord og kringliggjande bygder (likt opptaksområde til Eikefjord barne- og ungdomsskule)

### **§8 Samordna opptak**

Det skal vere eit hovudopptak før barnehageåret tek til.

Søklarane som ikkje har rett til plass etter barnehagelova § 16, eller søker etter hovudopptaket, vert registrert på venteliste med prioritet etter kriteria nemnt i § 6.

Barnehageplassane vert tildelt administrativt av tenesteleiarane i kvar barnehage saman med barnehagefagleg rådgjevar etter gjeldande vedtekter (Jf. Møte- og delegeringsreglement for Kinn kommune)

Tildeling av barnehageplassar vert gjort som einskildvedtak.

Hovudutval for oppvekst og kultur er klageinstans for klager på einskildvedtak som er gjort i samband med hovudinntaket (Jf. Møte- og delegeringsreglementet for Kinn kommune)

Ledige barnehageplassar som oppstår i løpet av barnehageåret vert tildelt barn på venteliste.

Søklar som får tildelt plass må elektronisk stadfeste at ein tek imot plassen. Dersom slikt svar ikkje er motteke innan fastsett frist, og det ikkje ligg føre sakleg grunn for å ha oversett fristen, kan søkjaren miste den tildelte plassen.

Tildelt barnehageplass gjeld til plassen vert sagt opp, eller barnet begynner på skule.

### **§9 Oppseiing av barnehageplass**

Barnehageplassen kan seiast opp med ein månads varsel. Oppseiingstida gjeld frå den 1. i påfølgjande månad etter at oppseiinga er motteken. Oppseiinga skal vere levert elektronisk i søkeportalen.

Etter 1. mars kan ein ikkje seie opp plassen for resten av barnehageåret utan særlege grunnar ( fråflytting, langvarig sjukdom og liknande) Tvilstilfelle vert å avgjere av barnehagen sin styrar i samråd med barnehagefagleg rådgjevar.

### **§10 Betaling for barnehageplass**

Kommunestyret avgjer til ei kvar tid satsane for foreldrebetaling i barnehage, i samsvar med Stortinget sin nasjonale fastsette maksimalpris og forskrift om foreldrebetaling i barnehage.



Foreldrebetaling og kostpenger vert fakturert for 11 månadar i året. Juli er betalingsfri måned.

Kostpenger kjem i tillegg til opphaldsbetaling for barnehageplassen.

Ved sein eller manglande foreldrebetaling gjeld lov om renter ved forseinka betaling av 17.12.76 nr. 100 og endringslov om forseinkingsrentelova, samt inkassolova av 13.05.88 nr 26, tvangsfullbyrdelseslova av 26.02.92 og endringslov til tvangsfullbyrdelseslova mv. Av. 23.01.15 og tilsvarende forskrifter.

Sein eller manglande foreldrebetaling vert handsama etter eigne retningslinjer.

Foreldre med låg betalingsevne kan søke til kommunen for å få redusert foreldrebetaling. [Skjema - Søknad om redusert foreldrebetaling i barnehage](#)

### **§11 Arealnormer**

Netto leikeareal pr. barn er fastsett til;

- 4-5 m<sup>2</sup> per barn 3-6 år
- 5,3-6 m<sup>2</sup> per barn 0-2 år
- 2 m<sup>2</sup> for barn 3-6 år i friluftsgruppe

### **§12 Forsikring**

Barn i barnehage er kollektivt forsikra ved ulykkesskade som oppstår i barnehagen/barnehagen sitt turområde, i barnehagetida.

### **§13 Nedlegging av barnehagetilbod**

Eit barnehagetilbod vert lagt ned og barna vert overført til andre barnehagar, når tal på plassar som vert nytta er mindre enn:

- a. 7 heile plassar i aldersgruppa 1-5 år
- b. 5 heile plassar i aldersgruppa 1-5 år, samorganisert med SFO og skule